



Tilgang og forbruk av norsk korn for sesongen 2021/2022

11. mai 2022

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å skape balanse i kornmarknaden i Norge og sikre at omsetninga av norsk korn kan skje til målpris. Felleskjøpet Agri marknadsregulator skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet.

Dette er siste oppdatering av prognose for balansen i sesongen 2021/2022 og grunnlag for siste tildeling av importkvotar og eventuell iverksetting av andre marknadsbalanserende tiltak. Utkast til Marknadsregulator sine forslag til importkvotar er lagt til som vedlegg til prognosen.

Tilgangsprognose

Marknadsregulator forventar følgjande tilgang av norsk korn til engrosmarknaden i kornåret:

Tilgang norsk korn (tonn)

	Gjennomsnitt 2016-20	Tilgang 2020	Prognose 2021	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
Matkveite	177 800	225 500	187 000	105 %	83 %
Fôrkveite	130 300	83 000	63 000	48 %	76 %
Kveite i alt	308 100	308 500	250 000	81 %	81 %
Matrug	11 500	7 600	16 000	139 %	211 %
Fôrrug/rugkveite	21 400	25 700	22 000	103 %	86 %
Rug/rugkveite i alt	32 900	33 300	39 000	119 %	117 %
Bygg	541 700	611 900	581 000	107 %	95 %
Havre	254 100	296 600	254 000	100 %	86 %
Korn totalt	1 136 800	1 250 400	1 124 000	99 %	90 %
Erter	3 900	3 800	4 000	103 %	105 %
Oljefrø, åkerbønner	12 000	15 300	13 000	108 %	85 %
Korn, erter, oljefrø	1 152 700	1 269 500	1 141 000	99 %	90 %
Matandel kveite	58 %	73 %	75 %		
Matandel rug/rugkveite	35 %	23 %	41 %		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

Prognosen tilseier at tilgangen av korn og proteinvekstar samla sett er som prognosert i november.

Forbruksprognose

Matkorn

Prognosen for forbruk av matkorn i 2021/2022 er basert på forbruksstatistikk til og med mars 2022. I framskrivinga er det i utgangspunktet lagt til grunn trendutviklinga for dei fem siste sesongane før 2020/2021. Koronapandemien ga auka forbruk av matmjøl i Norge, men det er lagt til grunn at effekten av dette ikkje lenger påverkar forbruket.

Tabellen under viser den totale foredlinga av matkorn for den norske marknaden dei siste sesongane og prognose:

Matkornforbruk pr kornsesong (tonn)					
Sesong	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
2016/2017	279 211	21 177	3 232	30 145	333 765
2017/2018	273 813	22 080	3 450	35 727	335 070
2018/2019	268 670	19 843	3 002	35 210	326 725
2019/2020	269 944	19 293	3 166	39 981	332 384
2020/2021	274 214	20 609	2 795	38 138	335 756
Prognose 21/22	269 000	20 000	3 000	42 000	334 000
Endring	-1,9 %	-3,0 %	7,3 %	10,1 %	-0,5 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Kraftfôr

Forbruksprognosane for fôrkorn baserer seg på registrert sal av kraftfôr til og med 1. kvartal i 2022 og produksjons- og salsprognosar for mjølk, kjøtt og egg for resten av prognoseperioden. Som omtalt i prognosen i mars, er det lagt til grunn redusert bruk av kraftfôr pr kg mjølk og storfekjøtt, med ein korreksjon på -2 % i forhold til trendutviklinga. Det er teke omsyn til at planlagd førtidsslakting av verpehøner reduserer tilgangen av egg i forhold til prognosen frå Nortura.

Prognosert forbruk av kraftfôr i perioden oktober 2021 – september 2022 går fram av tabellen:

Kraftfôromsetning per kornsesong (tonn)					
	Drøvtyggar	Svin	Fjørfe	Anna	Sum
4K16 - 3K17	1 004 677	491 545	458 736	16 823	1 971 781
4K17 - 3K18	1 053 443	487 750	444 983	16 753	2 002 929
4K18 - 3K19	1 095 611	462 859	470 179	16 882	2 045 531
4K19 - 3K20	1 032 386	463 321	478 921	14 638	1 989 266
4K20 - 3K21	1 046 164	469 909	501 957	14 667	2 032 697
Prognose 21-22	1 021 000	459 000	502 000	14 000	1 996 000
Endring	-2,4 %	-2,3 %	0,0 %	-4,5 %	-1,8 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

I prognosen er lagt til grunn 72,8 % karbohydrat i kraftfôret basert på oppdatert statistikk pr. 1. kvartal i år og normal utvikling frå eit kvartal til neste for dei to neste kvartala.

Dette gir følgjande prognoserte forbruk av karbohydratråvarer i kraftfôret i sesongen:

Forbruk av karbohydratråvarer (tonn)		
Kraftførsal	1 996 000	
Andel karbohydratråvare	72,8 %	
Behov karbohydratråvarer		1 453 000
-Tilgang av kli frå norske matmjølmøller		56 000
Behov for karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr		1 397 000

Fordeling av tilgangen av norsk korn

Pr. 1. april er det meldt inn eit overskott av 25 950 tonn matkveite klasse 1. Dette vil bli overlagra som del av marknadsreguleringa for bruk i sesongen 2022/2023.

Forventa prisvinst på overlaging av korn til ny sesong har medverka til at det var mindre viktig for aktørane å melde overskott inn for reguleringslagring. Felleskjøpet Agri Marknadsregulator har undersøkt dette hos dei største kornkjøparane og legg til grunn at om lag 10 000 tonn matkveite ligg på lager over til ny sesong utover dei 25 950 tonn som er meldt til regulering. I tabellen under er tilgangen også korrigert for at noko matkveite har gått til produksjon av kraftfôr, estimert til 6 000 tonn. Tabellen under gir oversikt over bruken av norsk korn frå årets avling og av korn som er overlagra frå den førre sesongen:

Fordeling av norsk korn mellom matkorn og fôrkorn (tonn)

Kornbalanse (tonn)	Matkveite	Matrug	Fôrkveite	Fôrrug	Bygg	Havre	Fôrkorn
Overlagra frå sesongen før	38 700	0	0	0	0	0	0
Prognosert ny tilgang	187 400	16 400	62 600	22 200	580 500	254 400	919 700
Matkorn til fôr/bygg og havre til mat	-6 000	0	6 000		-3 000	-40 000	-37 000
-Overlagring sterk vârkveite	-26 000						
-Overført ny sesong ut over regulering	-10 000						
Tilgjengeleg for industrien	184 100	16 400	68 600	22 200	577 500	214 400	882 700

Fordeling av matkveiten

Vi har ikkje ny informasjon om klassefordeling og proteininnhald etter at vi ga ut prognosen i mars. Det blir lagt til grunn at tilgangen av matkveite totalt, korrigert for overlaging og bruk direkte til kraftfôr, vert brukt av matmjølmøllene i sesongen.

Import av råvarer for å supplere tilgangen av norsk korn

Marknadsregulator gir råd til Landbruksdirektoratet om suppleringsimport av korn og kornvarer til matmjøl og kraftfôr. Dette rådet skal vere basert på prognosen. Det aktuelle forslaget til råd om import er synleggjort i vedleggsdelen.

Minimumsimport av karbohydratråvarer

Importvernet for jordbruksvarer er etablert for å sikre rom for avsetning av norsk jordbruksproduksjon. Husdyrproduksjonen føreset likevel bruk av ein del importerte råvarer til produksjon av kraftfôr. Dåverande Norske Felleskjøp drøfta i rapporten «Rom for bruk av norsk korn» av 01.12.2017

rammene for minimumsimport av visse råvarer og fastslo grunnlaget for kva som bør vere minimums importnivå¹.

Prognosert produksjon av kraftfôr og forventet andel karbohydratråvare i kraftfôr gir følgjande potensielle rom for norsk fôrkorn i sesongen 2021/2022 (jf. vedlegg):

Rom for norsk korn (tonn)	Minimum	Robust
Totalt behov for karbohydrat eksklusiv kli	1 400 000	1 400 000
Minimumsbehov for import i sesongen	-337 000	-438 000
Teoretisk rom for norsk fôrkorn eksklusiv kli	1 063 000	962 000

Den faktiske tilgangen av norsk fôrkorn på 882 700 tonn er mindre enn industrien har rom for.

Minimumsimport av matkorn

Det er ikkje definert konkrete krav til kvantum av matkorn som bør vere import.

¹ Dersom minimumsimporten ikkje sikrar råvarer som trengs for å vere tilstrekkeleg robust med tanke på å sikre dyra si helse, kan Felleskjøpet Agri marknadsregulator vurdere å tilrå kvoter for ein større import enn minimumsimporten (Jamfør estimert «robust importkvote» i rapporten frå 2017).

VEDLEGG

Vurdering av importbehovet

På grunnlag av prognosen gir Felleskjøpet Agri marknadsregulator råd til Landbruksdirektoratet om kvoter for suppleringsimport til administrert toll.

Importbehov for karbohydratråvarer til kraftfôr

Innmelde overskott

Aktørane i kornbransjen blir årleg invitert til å melde inn overskott av norskkjøpt korn pr 1. april. Formålet er å få eit mest mogleg riktig uttrykk for balansen ved slutten av sesongen. Innmeldinga gir grunnlag for korreksjon av marknadsregulator sin sluttbalansering av sesongen i form av overskottshandtering og forslag om importkvotar.

I år er det pr. 1. april meldt inn overskott av matkveite klasse 1. Korrigeringa gir grunnlag for anten å regulere sesongbalansen i samsvar med innmeldt kvantum, eller å korrigere forslag om supplerande import.

Avtalte importkvotar for karbohydratråvarer

Ein del av råvarene til kraftfôr vert importert tollfritt frå MUL-land. Denne importen blir korrigert for i kvoter som blir tildelt på auksjon. For perioden 01.08.2021 – 24.04.2022 er det importert 1 620 tonn kli. Importkvoten for sesongen blir redusert med desse importane, saman med lisensiert import av 7 200 tonn melasse for perioden 25.04.2022 – 31.07.2022.

For den siste perioden i kvoteåret 2020/2021 var det gitt lisensar for 2 100 tonn meir enn det som vart utnytta. Underforbruket ga behov for auka tilførsel av karbohydratråvarer innfor kvoten i den sesongen og avviket er korrigert for i forkant av den siste auksjonen i inneverande sesong.

EU er gitt tilgang til tollfri eksport av 15 000 tonn mais og 10 000 maisgrits til Norge pr. år. GSP-land er gitt ein kvote på 40 000 tonn tollfri melasse til dyrefôr pr. år. Tollfrie kvotar blir normalt utnytta fullt ut. Liten tilgang til melasse har ført til at kvoten på 40 000 tonn berre er utnytta for 28 670 tonn i 2021. Den manglande tilgangen på GSP-melasse må erstattast av råvare under karbohydratkvota. Korreksjonen for GSP-melasse vert difor justert i grunnlaget for forslag om kvote for import av karbohydratråvare til kraftfôr i mai. EU-kvotane for mais og maisgrits vart ikkje fullt utnytta i 2021. Avviket er det gitt rom for i forslaget om importkvote for maiauksjonen.

Prognosert suppleringsbehov i sesongen

Prognosen gir følgjande behov for suppleringsimport for karbohydratråvarer til kraftfôr:

Suppleringsbehov karbohydratråvarer (tonn)	
Karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr *)	1 400 000
Estimert rom for norsk fôrkorn i sesongen	1 061 000
Prognosert forbruk av norsk korn til fôr i sesongen	882 700
- Prognosert forbruk av norsk korn til fôr etter svinn **)	-874 000
Importbehov for karbohydratråvare	526 000

*) Lagt til for importert karbo ikkje brukt i kraftfôr: 3 000 tonn **) Svinn 1,0 %

Av prognosen følger at 47 % av råvarene i kraftfôret er norsk korn og kli.

Suppleringsimport for fôrkorn

Pr november var 75 % av forventa import av karbohydratråvarer lagt ut for auksjon. Marknadsregulator vurderer behovet for supplerende import i mai som vist under:

Prognosert suppleringsimport karbohydrat, mai 2022 (tonn)	
Prognosert behov for import i sesongen	526 000
- Kvoter for mais og maisgrits - EU	-24 300
- GSP-import melasse	-28 670
Korreksjon for ubrukte MUL-lisensar i førre kvoteår	2 100
Suppleringsimport inklusive MUL-import	475 130
- Tildelt importkvote i august	-99 000
- Tildelt importkvote i november	-219 000
Importbehov mai inklusive MUL-import før korreksjon	157 130
- MUL; importert august-april og lisensiert import april-november	-8 800
Prognosert suppleringsbehov med administrert toll	148 000

Importbehov matkorn

Importkvoten for matkorn vert gitt som ei samla kvote som vert fordelt mellom auksjonar i august, november og mai. Som grunnlag for tilråding om den samla importkvoten er dei enkelte kornslaga vurdert for seg.

Importbehov i sesongen

Ut frå prognosert totalt forbruk av matkorn og prognosert tilgang av norskprodusert matkorn, vil det vere trong for følgjande supplerende import av matkorn i sesongen:

Importbehov matkorn (tonn)					
	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
Forbruksprognose	269 000	20 000	3 000	42 000	334 000
Norsk matkorn	184 200	16 400	3 000	40 000	243 600
Underdekning matkorn	84 800	3 600	0	2 000	90 400

For havre trengs import av økologisk vare. Landbruks- og matdepartementet har opna for import av inntil 2 000 tonn for å dekke dette behovet. Ut over dette er forbruket føresetta dekt av norsk havre.

Andelen norsk korn av forbruket av matkorn totalt blir med dette 73 % i sesongen.

Suppleringsimport for matkorn

Ved fastsetting av kvote for import med redusert toll vert det teke omsyn til import frå MUL-land og til særskilt avtalte kvoter med andre land. Det er ikkje søkt om GSP-lisensar for import av matkorn. Det er lagt til grunn at importen av durum kan bli dekt innanfor bilateralt avtalte kvotar. Kvantumet er sett likt importen i siste kalenderår.

Dette tilseier følgende kvote:

Prognosert suppleringsimport matkorn, mai 2022 (tonn)	
Prognosert suppleringsimport sesongen	90 000
- Import under kvoter for durumkveite	-1 300
Suppleringsimport inklusive MUL-import	88 700
- Tildelt importkvote i august	-44 000
- Tildelt importkvote i november	-26 000
Importbehov inklusive MUL-import	18 700
- Lisensiert nulltollimport frå MUL-land	0
Prognosert suppleringsbehov med administrert toll	19 000

Estimat for minimums og robust importbehov i sesongen

Tabellen gir informasjon om eventuelle rammer for minste importbehov for karbohydratråvarer:

Importvurdering karbohydrat (tonn)	Rapport 01.12.2017		Denne sesongen	
	Minimum	Robust	Minimum	Robust
Kraftfôromsetning	1 971 781		1 996 000	
Behov for betepulp/roesnittar	75 000	90 000	76 000	91 000
Behov for mais	50 000	70 000	51 000	71 000
Behov for melasse	60 000	60 000	61 000	61 000
Behov for økologisk vare		15 000	15 000	15 000
Behov for kveite	200 000	250 000	202 000	253 000
Behov for fiberråvare	50 000	70 000	51 000	71 000
Minimums behov for essensielle karbohydratråvarer	435 000	555 000	456 000	562 000
Norsk fôrkråvare inneverande sesong			-69 000	-69 000
Norsk kli inneverande sesong			-51 000	-56 000
Suppleringsimport karbohydratråvare			336 000	437 000
Behov dekt av bilaterale kvoter - mais og melasse			-52 970	-52 970
Importbehov fiber dekt av MUL-import			0	-1 600
Importbehov melasse dekt av MUL-import			-7 200	-7 200
Minimumskvoter til auksjon			276 000	375 000

Tilgang korn historisk og prognosert (tonn)

	Matkveite	Førkveite	Kveite i alt	Matrug	Førrug og rugkveite	Rug/rugkveite i alt
2005/06	355 252	22 663	377 915	25 872	7 563	33 434
2006/07	219 365	120 726	340 091	19 940	4 690	24 630
2007/08	303 085	78 421	381 506	25 080	13 226	38 305
2008/09	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/10	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/11	184 820	127 429	312 249	16 182	17 585	33 767
2011/12	40 504	229 783	270 287	4 747	11 478	16 225
2012/13	174 164	84 459	258 623	2 853	2 025	4 878
2013/14	171 406	26 345	197 741	11 700	949	12 649
2014/15	217 471	150 946	368 418	31 266	6 764	38 030
2015/16	147 783	325 024	472 806	36 599	29 524	66 123
2016/17	224 867	65 522	290 389	13 457	9 529	22 987
2017/18	148 389	235 715	384 104	20 925	28 852	49 777
2018/19	84 394	42 232	126 626	2 438	5 319	7 757
2019/20	205 919	225 113	431 032	13 229	37 588	50 817
2020/21	225 499	83 046	308 545	7 627	25 750	33 377
13. august	168 000	100 000	267 000	8 000	45 000	53 000
16. september	179 000	70 000	249 000	15 000	12 000	27 000
17. november	180 000	64 000	244 000	17 000	21 000	38 000
15. mars	187 000	62 000	249 000	16 000	22 000	39 000
Prognose	187 000	63 000	250 000	16 000	22 000	39 000

Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner, lupiner	Rugkveite ¹⁾
2005/06	557 297	264 385	1 233 032	3 400	11 220	223
2006/07	508 919	233 840	1 107 480	5 934	9 519	49
2007/08	456 091	260 427	1 136 329	8 691	8 966	67
2008/09	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722	353
2009/10	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819	248
2010/11	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165	466
2011/12	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577	116
2012/13	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315	184
2013/14	481 412	212 421	904 222	963	6 015	413
2014/15	499 483	270 309	1 178 797	2 087	9 648	1 262
2015/16	479 308	269 156	1 287 394	3 535	10 403	3 926
2016/17	601 722	339 272	1 254 370	5 070	11 450	3 861
2017/18	544 725	269 813	1 248 420	3 762	10 226	17 058
2018/19	409 082	146 671	690 137	2 729	7 238	4 704
2019/20	541 070	218 268	1 241 187	4 222	15 667	26 870
2020/21	611 875	296 559	1 250 356	3 819	15 323	23 001
13. august	627 000	306 000	1 253 000	4 000	15 000	-
16. september	630 000	300 000	1 206 000	4 000	8 000	-
17. november	590 000	252 000	1 124 000	4 000	13 000	19 000
15. mars	579 000	254 000	1 121 000	4 000	13 000	20 000
Prognose	581 000	254 000	1 124 000	4 000	13 000	20 000

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

1) Bli rekna som førrug i statistikk og prognose

